



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om planendring for Lønnebotn kraftverk i Fjaler kommune

Statsforvaltaren vurderer at auka slukeevne for Lønnebotn kraftverk kan få negative konsekvensar for viktig naturmangfald, og vi rår frå planendringa.

Vi viser til høyringa av planendringssøknad for Lønnebotn kraftverk.

Lønnebotn kraftverk, som fekk konsesjon i 2016, søker no om å få auke slukeevna frå 750 l/s til 980 l/s. Teknisk endring omfattar auka dimensjon for røyrgate og den elektromekaniske installasjonen. Planendringa vil auke årsproduksjonen med 0,73 GWh. I tillegg er endringa grunngitt med auka kapasitet på nettet, og andre utbyggingar i vassdraget med slukeevne lik 50 prosent av middelvassføring.

Nautsundelva er ei sideelv i Guddalsvassdraget, som blei verna mot kraftutbygging i verneplan IV i 1992. Stortinget har sett klare avgrensingar for kraftutbygging i verna vassdrag som er nærare omtalt i NVE Fakta 4-2008, mellom anna: «*Føresetnaden for å gje løyve er at verneverdiane ikkje vert dårlegare. Ein føresetnad for løyve vil normalt vere at vassdraget også etter utbygging har ei variert og romsleg vassføring.*»

Vår vurdering

Slukeevneintervallet og minstevassføringa har mykje å seie for korleis naturmiljø og landskap blir råka av ei vasskraftutbygging. Om planendringa blir godkjend, vil slukeevna auke frå 37 til 48 prosent av middelvassføringa. Minstevassføringa er om lag på storleik med alminneleg lågvassføring og 5-persentilane for sommar/vinter; det er små forskjellar mellom desse verdiane.

Like aust for øvre del av elvestrekninga ligg eit skogområde som har vore under utgreiing for frivillig skogvern, men innanfor influensområdet er det ikkje registrert viktige naturtypar som vil bli direkte påverka av planendringa. Raudlistarten skoddelav (NT) er påvist ved elva, og blei omtalt i konsesjonshøyringa. Arten er ein god indikator på område med stabilt fuktige miljø. Miljørapporten som følgde konsesjonssøknaden hadde nokre manglar; mellom anna ser det ut til at ein allereie før feltarbeidet blei utført hadde bestemt seg for at det ikkje var potensial for vasslevande mosar i området. Desse blei det difor ikkje leita etter. I ettertid har det vist seg at både flaummose (NT) og kystfloke (NT) er noko meir utbreidde enn ein trudde tidlegare, og det er etter vår vurdering



realistisk å vente at begge desse artane kan leve i vassdraget (til dømes er flaummose påvist i ei elv berre 5-6 km aust for planområdet).

Vi meiner det bør vere ein høg terskel for å kunne auke vassutnyttinga i disfavør av allmenne interesser utover det som blei fastsett i vassdragskonsesjonar, særleg i vassdrag verna mot kraftutbygging. Det er vidare uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Dette var ein viktig premiss for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftssinteresser, òg ved denne utbygginga. Ei auke til nærare halvparten av middelvassføringa vil venteleg auke sjansen for negative verknader på naturverdiane som gjorde at vi i utgangspunktet gjekk mot utbygginga, og som nok blei undervurderte den gongen.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM